

Tambarskjelvar IL – Styremøte 1/2022

Stad: Møterommet til Tambar

Tid: 18.januar kl 19

Til stades: Anne Sofie, Sigrid, Runar, Anne Karin, Pål Arve, Siss-May

Saksnr	Saksopplysning	Ansvarleg	Diskusjon/vedtak
1/2022	Avtale mellom Sunnfjord kommune og Tambarskjelvar IL – drift Aktiv-kommune	Siss-May	Avtalen er lik slik arbeidet har fungert fram til no. Ok med underskrift frå Tambarskjelvar. Aktiv kommune (kalender) skal snart takast i bruk.
2/2022	Fritidskort – invitasjon til samarbeid frå Sunnfjord kommune Sjå vedlegg	Siss-May	Tambarskjelvar IL er i utgangspunktet positive til ei slik ordning. Vi stiller spørsmål med kvifor kommunen ynskjer å dekke medlemskontingent, medan idrettslaga skal dekke treningsavgift. Dette betyr at den største kostnaden med ordninga vert lagt til idrettslaga. Tambarskjelvar ynskjer tilbakemelding på dette. For å inngå ein ev avtale med kommunen treng vi og ei oversikt over kor mange familiar som vil kome inn under låginntekstsgrensa av dei som soknar til Tambarskjelvar (kan vere både gamle Naustdal og Førde) – vi treng denne oversikten for å ev kunne budsjettere med desse utgiftene. Vi vil også gjere merksam på at deltaking på div. cupar ol gjerne krev eigendel – ligg dette til ordninga frå kommunen?
3/2022	Vaktliste Naustdalshallen	Siss-May	Avtalen i sak 1/2022 krev vakthald i Naustdalshallen kvar ettermiddag 1645 – 2215 (el i den tida det er aktivitet i hallen). Vi har mange vakter, men vi treng fleire. Mange av dei som har vakt i dag har bidrege inn i ordninga sidan hallen stod ferdig i 2021. Vi ber difor gruppene ta ansvar for å skaffe to vakter kvar. Meld desse til styret@tambarskjelvar.no.
4/2022	Sponsoravtale med Sparebanken Sogn og	Siss-May	Vi drøfta ev vilkår vi ynsker inn i avtalen. Anne Sofie deltek på møte saman med Siss-May.

	Fjordane – møte om fornying.		
Ymse	<p>Orientering om forvaltningsplan Sanden – denne er førebels ikkje prioritert arbeid vidare med av Sunnfjord kommune.</p> <p>VM Vektløfting 2025. Siss-May deltek på møte med forbundet og andre idrettslag for å sjå på ev arrangementsløysing.</p> <p>Open Hall – Naustdalshallen 20 år. Punktet vart ikkje ferdig drøfta, men vert utsett (altså ikkje open hall 5 februar).</p> <p>Møterommet vårt – oppgradering. Vi har fått tilbod om nye hyller – Siss-May ser på dette. <i>Etterskrift: det er satt inn nye hyller på møterommet. Har gjeve bort alle dei rosa stolane; føreslår å skaffe nye klappstolar som ikkje tek så mykje plass.</i></p> <p>Rydding av kjellar i gamle kommunehuset. Vi må ha ein gjennomgang på kva som finst her, og kva vi ev kan kaste.</p> <p>Årsmøte: 11.mars</p>		